


Eigarar av bnr 70 gnr 1, 4 og 5
v/ola K. Feste
Haukåsvegen 18, 5912 Seim



Feste 23. desember 2016

Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304, 5912 Seim

Vedkjem reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde.

Innanfor planområdet er forutan tiltakshavar sine eigedomar også gnr 70 bnr 19 eigd av Lindås kommune samt strandsona på vestsida av fylkesvegen og tilstøytande sjøareal. Eigarar er her i sameige: 70/1,2, 4,5,7 med ulike partar. (Heretter omtala som sameiget.)

Om 70/19. Eigar Lindås kommune.

70/19 er no brukt som snuplass for bussar, til privat parkering/kundeparkering, til snuplass ved bruk av Feste kai og til plassering av boss- og glas/metallcontainer tilhøyrande NGIR.

Mot sør grensar 70/19 til eit areal eigd av sameiget. Dette arealet ynskjer Statens Vegvesen å få hand om for å lage ny snuplass for buss. Det har vore dialog mellom Statens Vegvesen og sameiget om dette. Stoda i denne saka pr dato er:

Sameiget har ynskt maksimal utnyttingsgrad av arealet ved at det som ikkje vert nytta til snuplass for buss, vert tilrettelagt som parkeringsplass for sameiget til bruk i samband med naust som ligg like ved. Det er 7 bruk som har naust og 1 bruk med nausttomt. Minimum tal parkeringsplassar bør difor vere 8.

Statens Vegvesen har ynskje om å flytte NGIR sin containarar frå 70/19 til sirkelen inni rundkøyringa for buss. Statens Vegvesen har sendt turvande søknad om omdisponering av arealet med plassering av 5 parkeringsplassar og mogleg fleire.

Ei mogeleg løysing på manglande parkeringsplassar, kan vere at sameiget får tilkomst til parkeringsplassane over 70/19. Det arealet som vert frigjort ved flytting av NGIR sine containarar.

Den pågåande prosessen er ein av grunnane til at sameiget ynskjer at 70/19 vert halde utanfor planområdet.

Ein annan grunn er at 70/19 må haldast utanfor planområdet er at det må nyttast som snuplass ved tilkomst til Feste kai som sameiget, saman med fleire andre, har bruksrett til.

Om strandsona og tilstøytande areal i sjø. Eigd av sameiget.

Med det løyvet som vart gjeve i 1987, tykkjer me at me har gjeve frå oss mykje (kanskje for mykje) råderett over hamneområdet vårt. Me ynskjer difor ikkje at strandsona- og sjøområdet vert auka utover

løyvet gjeve i 1987. Me ynskjer strandsona på vestsida av fylkesvegen og tilstøytande sjøareal ut av planområdet.

I føremålet med planen står det «Forlenging av eksisterande flytebyggje». Eksisterande flytebyggje er ikkje i samsvar med løyve frå 1987. Korkje med omsyn til plassering eller areal.

Om det skal gjerast endring her, må det det takast utgangspunkt i godkjent løyve og plassering. Alle endringar utover det må handsamast på nytt.

Med helsing

Gnr 70, bnr 1



Odd Geir Feste

Gnr 70, bnr 4



Karl Feste

Gnr 70, bnr 5



Ola K. Feste

Kopi går til:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø